

OPPSTART

Ny i barnehagen



LOEN BARNEHAGE

Kjære deg som er ny i barnehagen!

Vi som arbeider i Loen barnehage vil ønske deg og foreldra dine hjarteleg velkommen til oppstart i barnehagen. Vi gleder oss til å møte deg, og vi håpar at du vil få ei fin barnehagetid saman med mange små og store vener. Det er ein stor overgang når barn skal starte i barnehagen for første gong, og det er sjølv sagt viktig at det blir ein god start for både barn og foreldre. I dette heftet kan du lese litt om barnehagen, om tilvenningsperioden og om det er noko du treng før oppstart. Barnehagen ønskjer ikkje at alle nye barn skal kome samtidig til barnehagen. Vi vil at ein av personalet skal kunne setje av tid til kvart barn. Heimane blir oppringt omkring 4 veker før oppstartsdato for barnet, slik at nærare avtalar kan gjerast då. Ta kontakt med barnehagen på telefon 57 87 77 35 om du har spørsmål utover dette. I tilvenningstida kan de gjerne ta med ein kosebamse som kan skape tryggleik i starten!

Oppbygging av årsplan for Loen barnehage

a) Pedagogisk grunnlag

Felles kommunal plan. Denne les *alle* foreldre på nettsida til Stryn kommune, i samband med at dei søker barnehageplass.

b) Ny i barnehagen

Tilvenningsplan. Denne blir like før oppstart utsendt på e-post til alle *nye* foreldre.

c) Temaplan

Denne blir sendt ut i Vigilo medio juni kvart år til *alle* foreldre og til *nye* barn ved oppstart. Brosjyre med barnegrupper og tilsette avdelingsvis, vert på same tid lagt i barnets hylle.

d) Overgang barnehage – skule

Denne blir sendt ut i Vigilo ved skulestart kvart år. (Berre sendt til *5-årsklubbforeldre*)

Brosjyre med 5-årsklubb-barn og timeplan for året, vert på same tid lagt i barnets hylle.

Kort om barnehagen

Loen skule og barnehage utgjer oppvekstsenteret i bygda Loen. Loen bygdehus og idrettspark finn vi også på same området, sentralt nede ved fjorden og riksvegen i Lovik. Barnehagebygget er moderne og funksjonelt. Vi har kapasitet til litt over 3 avdelingar (omkring 45 barn). Barna er fordelt på 3 avdelingar:

KRUNA - Vuggestove 1-2 år.

SKÅLA - Mellomavdeling 2-3 år.

KÅPA – Storavdeling 4-5 år.

Pedagogisk profil; LESEBARNEHAGE. Hå oss er bøker og lesing for barn ein svært sentral del av vårt arbeid. Vi ynskjer at foreldre føl opp denne satsinga ved å tilby dagleg lesing også i heimen, lån gjerne bøker frå våre utlånshyller. Slik styrker vi barna sitt ordforråd og språk, og skapar leseglede kvar dag. Vel møtt i Loen barnehage!

Loen, 05.05.2025, Hilde Briksdal - Assisterande styrar-

Vedlegg:

Kle og utstyrsliste

Vigilo informasjon

Kvalitet og standardar i Loen barnehage

Vår visjon: Ein stad å være, ein stad å lære, ein stad å høyre til...



1	"Kom inn, set deg ned og ta ein prat..." Alle skal kjenne seg velkomne, både små og store, slik at vi kan vere ein meiningsskapande møteplass i nærmiljøet.	6	"Eg kan - eg klarar!" Vi gjev barna varierte opplevingar og høve til å møte utfordringar både fysisk og psykisk. Vi stiller krav til barna, dei får støtte framfor hjelp. Viktig stikkord blir hjelp til sjølvhjelp.
2	"Varme tankar og hender som trøystar er som sol over frosen jord." Vi tek oss tid til den einskilde, og vi tek vare på dei små augneblinkane i kvardagen.	7	"Det er berre barn som kan lære barn å vere barn." Vi strekker oss langt for å gje barna høve til å vere saman på tvers av alder.
3	"Det er mykje vi små kan, som dei store ikkje kan." Vi legg til rette for at barna kan få utforske verda kring seg. Barna skal få høve til å gjere eigne val, og slik kunne påverke sin eigen kvardag.	8	"Det du vil at andre skal gjera mot deg, det skal du gjera mot dei..." Fokus på reglar i vår barnehage er retta mot korleis vi er mot kvarandre. Klare grenser, som barna kan forstå og respektere, er med på å skape ein trygg kvardag.
4	"Eg blir til meg i møte med deg" Vi er bevisst vårt ansvar når det gjeld å styrkje barna sitt sjølvbilette. Vi legg vekt på å skape positive møte i kvardagen; gje ros, oppmuntring, støtte og markere for barnet at akkurat DU er viktig for oss.	9	"Himmelen høg og verda stor, der på trappa vinkar mor" Vi har ein god og likeverdig dialog med foreldre. Ei imøtekomande haldning er sjølvsgd. Det enkelte barnet skal vere i sentrum for våre prioriteringar, og verken foreldre eller personale går framfor det!
5	"Eg er liten, men eg vil" Vi vektlegg å møte barn individuelt. Det vil seie at vi møter barna ulikt, alt etter behova det enkelte barnet har. Vi tilbyr ulike opplevingar, ulike utfordringar og ulike erfaringar.	10	"Engasjement er halve arbeidet." Vi er positive. Vi engasjerer oss i arbeidet vårt, vi søker eigenutvikling gjennom og oppdaterer oss fagleg. Det er vårt ansvar å drive barnehagen i tråd med barna, foreldra og samfunnet sitt behov. Kvalitet for barna er alltid det viktigaste.

Tilvenning i barnehagen

Oppstart

For å få ein god start treng barnet at mor, far eller ein annan nær person følgjer barnet første dagane. Det vert gjennomført inntakssamtale alt fyrste dagen i barnehagen. På førehand er det vanskeleg å vite kor lang tid tilvenjinga vil ta. Det varierer frå barn til barn kva tid han/ho er trygg nok til å ta avskjed med foreldra. Oftast må ein rekne 3-5 dagar og vel så det. Vi anbefaler kortare dagar den fyrste perioden i starten, dette kan ofte lette og korte ned tilvenningstida totalt sett.

Frå foreldre til personale

Foreldre, barn og personale skal gå igjennom alle rutinesituasjonar saman minst ein gong. Ved det første møtet med barnehagen er personalet rimeleg tilbakehaldne overfor barnet og let førsteinntrykket feste seg utan mange «forstyrningar». Den første tida har ein av personalet i barnehagen spesielt ansvar for og kontakt med barnet ditt og deg. Personalet sin aktivitet med barnet aukar samstundes som foreldra trekkjer seg tilbake gradvis.

Sove i barnehagen

For dei barna som er så små at dei treng å sove i barnehagetida, ønskjer vi at mor eller far er med når barnet skal legge seg den første gongen. Alt av særlege rutinar/vanar er viktig for oss å vite om, slik at denne situasjonen blir så god som mogeleg for barnet. Nokre barn søv i vogna si ute, med tilsyn via vindauge på avdelinga, medan nokre få barn søv i seng på soverom inne. Vi nyttar i tillegg baby-call i sovetida. På ekstra kalde dagar søv alle barna inne i vogner og senger, eller i vognstallen med tilsyn. Vi har felles kvilestund for alle barn som ikkje skal sove. Dei kviler då på sofaer og tepper ein roleg halvtime. Dette gjeld på alle avdelingar.

Måltid

Barnet vil få fast plass ved bordet, men dei første dagane sit kanskje alle samla. Mor eller far kan trekkje seg litt attende, dersom barnet godtek dette. Primærkontakten, eller den vaksne som har hovudansvaret, sit nær barnet.

Bli kjend i barnehagen

Første tida skal barnet først og fremst gjere seg kjend på si avdeling inne og ute i barnehagen. Nærområdet, andre avdelingar og skuleelevane blir dei kjende med etterkvart.

Når mor eller far skal gå frå barnehagen

Etterkvart vil foreldra og personalet saman vurdere om mor/far skal gå. Barnet skal **alltid** vite når mor/far går, kvar dei går og når dei kjem att! Medan foreldra er borte, pratar vi gjerne om mor/far slik at barnet skal vere trygg på at mor eller far kjem attende. Vi må vere budde på at barnet gret i denne situasjonen. Å gråte er ein sunn reaksjon, men barnet treng trøyst. Når mor eller far har sagt adjø skal dei gå, og personalet skal trøyste barnet. Det er viktig å ikkje «hale ut» denne situasjonen ved å seie adjø mange gongar. Stans heller på trappa til gråten har stilna, eller ring til barnehagen for å høyre korleis det går. Dersom det vert ekstra vanskeleg for barnet, vil vi ringe til foreldra. Vi sender og gjerne ei melding når gråten har stilna, det gjer godt for foreldre i starten av eit barnehage-liv.

Diverse praktisk informasjon

Utstyr som de må sende med barna

- Inne-sko / sklisokkar/ Kle-skift; innekle og ytterkle.
- Matboks til frukost, drikkeflaske med vatn.
- Solkremspray/solbriller i den varme årstida.
- Bleier + ev. stellesalve for dei som brukar dette.
- Vogn til sovetid for dei minste. Vogna må innehalde alt barna treng for å kunne sove ute: pledd/pose/regntrekk/mygg-netting, vogn-sele.
- Barnet vil få eiga hylle der de legg utstyr til sovetida: Sovedress/ull, smokk, koseklut.

Kle

Barnet får tildelt sin faste plass/skåp i tørr- og våt garderoben. Der må det til ei kvar tid være minst eit kle-skift frå innerst til ytst, dette er det foreldre sitt ansvar å følge opp dagleg. Hugs å skifte ut kle alt etter årstid og etter kvart som barnet veks. **HUGS Å MERKE KLE / SKO !**

Barna må ha med nok kle til å kunne gå ut to gongar kvar dag. Kle kan lagrast i barnehagen, men våte kle må likevel heimatt på ekstra søkkvåte dagar. Vi ber foreldre ta heim kleda for sjekk i feriar.

Kle og tryggleik: Unngå kle med snøringar i halsen, eller lange snorer, som til dømes knytelue og hettegenser. Bruk buff/balacra - ikkje skjerf. Ver obs i høve val av type hårstrikkar.

Levering/henting

Ved levering møter dei tilsette barn og foreldre i tørrgarderoben. Foreldre og trygge barn blir etter kvart einige om barnet skal fylgjast heilt inn på stova, eller ta farvel i garderoben/farvel-vindauge. Ved henting går foreldre og tilsette kvarandre i møte og snakkar om dagen til barnet. **Foreldre må både ved levering og henting alltid ha blikkontakt/vinke til dei tilsette og slik sikre seg at barnet sitt oppmøte/avreise er registrert.** Hugs når de hentar: Barn skal aldri opne porten sjølv, heller ikkje gå ut porten aleine. Dei skal ikkje løftast over gjerdet til skulen. Gå *saman* gjennom barnehageporten!

Om å ha med leikar heimanfrå

Det er ikkje høve til å ta med seg leiker heimanfrå. For barn på Skåla og Kåpa er det i tida mellom påske og haustferien lov å ha med 2-hjulssyssel. Barna må då også ha med hjelm! Sykling skjer på merka område. Desse avdelingane opnar også opp for at barna kan ha med ski om vinteren.

Måltid

Barna får mjølk, eitt brødmåltid og frukt/knekkebrød i barnehagen kvar dag. Dersom barna vil ete frukost i barnehagen, må dei møte seinast kokka 08.30 og ha med nisteboks med mat til dette måltidet. Barnehagen serverar varm mat til barna ein fast dag per veke. Vi oppmodar foreldre til å vere med på å skape sunne matvanar for barna. Søtsaker/godteri er berre nytta ved særlege arrangement.

Fødselsdagar

Vi feirar barna sine fødselsdagar i barnehagen. Jubilanten er midtpunkt og blir gjort ekstra stas på i samling. Vi knyter ikkje opp mat til feiringa, så barn skal ikkje ha med bursdag-mat til barnehagen. Flagg, fødselsdagskrone, leikar og songar høyrer med.

Om lagring av vogner i barnehagen.

Vognene til barna kan til vanleg vere lagra i vognstallen om de ynskjer det. Dette skjer på eige ansvar, barnehagen erstattar ikkje vogner på grunn av skade som kan oppstå under lagring. Vognene vert innelåst om natta. Vi ber likevel foreldre vere obs på at det i den fuktige/kalde årstida kan kome mugg på vogner. Nokon vel difor å skaffe seg ei enkel og rimeleg, gjerne brukt, «barnehagevogn». Vognposar og tepper blir alltid lagra innandørs i barnehagen. Sikring av barn i vogn er viktig, og foreldre har ansvar for sine vogner, at selen er i orden, og at soveposar passer til barna. Ta ein sjekk innimellom. Vognene blir sendt heim ved behov, og ofte til feriar/høgtider. Dei må då vaskast, og stå og tørke i romtemperatur.

VIGILO kommunikasjonsplattform.

Barnehagen nyttar kommunikasjons plattform VIGILO i foreldresamarbeidet. På Stryn kommune si heimeside finn du link for nedlasting.

VIGILO-APP: Det er viktig at alle lastar ned eigen Vigilo-app til telefonen, der skal foreldre ta imot og sende meldingar i høve egne barn gjennom dagen. (Hugs å slå på «varsel» på innstillingar her).

VIGILO-NETTSIDE: Når du går inn på nettsida via PC, vil du få tilgang til meir informasjon.

Opningstida i barnehagen 07.30 – 16.30.

Vi ber om at foreldre respekterer opningstidene. Opphaldstida i barnehagen er maks 9 timar.

Barna skal ikkje leverast før kl. 07.30, og hentast seinast kl. 16.30. Dersom barnet blir henta etter fristen på 9 timar, må det betalast per. påbegynt halvtime. Det er høve til å søkje om utvida opningstid morgon, frå klokka 07.00. Søknad må leverast til styrar per mail, der dokumentasjon frå foreldre sine arbeidsgjevarar må føreligge. Barn som etter godkjent søknad blir levert klokka 07.00, må hentast seinast klokka 16.00 for å unngå ekstra betaling. Det er også høve til å søkje om utvida opning frå klokka 16.30 – 16.45. Maks 9 timar opphaldstid vil då seie at barnet ikkje kan leverast før klokka 07.45. Barna vert sjekka inn og ut av barnehagen på digital plattform, VIGILO, der tidene vert registrert.

Sjukdom

Sjuka barn må p.g.a. smittefare ikkje møte i barnehagen. Med sjuke barn meiner ein barn som har feber, omgangssjuka/diare, utslett eller andre sjukdomar som gjer at barnet ikkje kan være ute, eller må ha ro. Dersom det er alvorleg smittsam sjukdom i heimen, skal barnet heller ikkje møte.

Om barnet er borte frå barnehagen ein dag, skal det meldast frå til barnehagen innan klokka 09.00!

Dagleg samarbeid mellom barnehagen og heimen

Vi ynskjer at foreldre skal snakke om barnehagen når de kjem heim. Spør barnet kven det har leika med og etter namn på vaksne som det har vore saman med. Månadsplanen, fotoskjem i garderoben og dagsreferat i Vigilo kan vere eit fint utgangspunkt for samtale.



Kle og utstysbehov i barnehagen

(Vedlegg 1)

Foreldre som er nye i barnehagen, spør ofte kva dei treng å skaffe til barnet sitt før oppstart. Her er ei oversikt som kan vere til nytte. Byt ut kle ved byte av årstid, alt på lista trengs ikkje på same tid og med ein gong. (Kontakt barnehagen om kle-råd, dersom barnet ditt har allergiar og liknande.)

Våt garderobe

- ✓ varm bukse (Fleece/ull)
- ✓ varm genser (Fleece/ull)
- ✓ 2 luer (Tilpassa årstid)
- ✓ 2-3 par vottar (inkl. regnvottar)
- ✓ 1-2 Hals/buff.
- ✓ 1 par varme, tjukke ull sokkar.
- ✓ 1 regnjakke og bukse utan varmekor.
- ✓ 1 regndress, (Vinter-fora i vinterhalvår)
- ✓ 1 parkdress (Vinterdress i vinterhalvår)
- ✓ 1 par støvlar/cherrox etter sesong.
- ✓ 1 par vintersko (Vann-tett og varmfora i vinterhalvår)
- ✓ 1 par joggesko
- ✓ 1 par sandalar til uteleik
- ✓ 1 jakke etter sesong

Tørrgarderobe

- ✓ truser
- ✓ t-skjorte
- ✓ ull-stillongs/ullgenser
- ✓ sokkar (bomull sommar og ull vinter)
- ✓ bukse
- ✓ genser (Unngå hettegenser med snøring i halsen)
- ✓ Sklisokkar/inne sko
- ✓ Shorts/skjørt, solkrem, solbriller

Alle sko må stå på hylle, dette grunna reinhaldet. Heng gjerne opp jakka i innegarderoben. For barn med langt hår, ber vi om at barna har ei lita mappe med håstrikk, klemmer og liten hårbørste, liggande i topphylla si i innegarderoben. La bytekle ligge i hylla, så slepp du å dra med deg store sekkar att og fram. Vi legg kanskje oppi lapp/melding på Vigilo om noko manglar. Vi ringer om du må kome med forsyningar der og då. Sjekk kleda til barnet dagleg – desse hyllene er foreldra sitt ansvar.

Vigilo

(Vedlegg 2)

Stryn kommune nyttar Vigilo OAS som administrativt datasystem for skular og kommunale barnehagar. Systemet skal først og fremst løyse ei lang rekkje administrative oppgåver for barnehage og skule - alt i frå søknad om barnehageplass til vitnemålsutskrift etter 10. trinn. Innbakt i Vigilo OAS finst ei løysing for digital tovegskommunikasjon mellom foreldre og barnehage/skule, der ein kan nytte mobiltelefon, nettbrett eller datamaskin. Kvar skule og barnehage vil informere foreldra om korleis dei ønskjer å nytte denne nye kommunikasjonsløysinga.

Vigilo app på mobiltelefon



Du kan laste ned Vigilo app via App Store eller Google Play. Etter installasjon av appen må du logge på med ID-porten (MinID, BankID, BankID på mobil eller tilsvarande). På side 2 kan du sjå korleis dette gjerast, eller gå til <https://vigilo.no/stryn/> for ei enkel innføring.

Vigilo på datamaskin

Start nettlesar (Chrome er anbefalt) og skriv **vigilo.no/stryn** i adressefeltet. Klikk Enter.


Vel **Logg inn OAS**. Vel *Stryn kommune* ved å bla nedover sida, eller skriv Stryn i søkefeltet.

Logg inn med ID-porten, Vel Foresattportal




Funksjonar i føresettportalen

Barnehage



Skule



Hjelpfiler på nett

<https://vigilo.no/stryn>

- Korleis kan du skrive ei melding til skulen eller barnehagen?
- Korleis kan du melde fravær?
- Korleis kan du lese ny nyheiter i frå skulen/barnehagen m.m.

Meir informasjon på

<https://stryn.kommune.no>

- Kva får du informasjon om i Vigilo?
- Kven får tilgang?
- Kva kan du skrive i meldingstenesta?
- Behandling av personopplysingar.


Ta i bruk Vigilo App



Brukervelledning til førstegangsinnlogging i ny kommunikasjonsapp for skole, SFO og barnehage.


1

Last ned appen




2

Åpne app og logg inn




3

Velg kommune og logg inn med ID-porten*




4

Opprett PIN-kode



5

Aktiver fingeravtrykk/ansiktsgjenkjenning



ID-porten/MinID
Innlogging til offentlige tjenester

**Innlogging med ID-porten utføres første gang man logger på en ny enhet. Daglig innlogging gjøres likt som i steg 4 eller 5.*

**Ny autorisering med ID-porten utføres når økten utløper etter 15 dager.*